

Klar for T13-dagen?

Foldnes kyrkje

Tema:

«Forsoning – hæ ...?»

www.t-dagen.no

13



 - dagen

trusopplæringsdagen i Fjell

Kva skjer på T13-dagen?

T13 er ein kveld med: **Film, god mat, nye og gamle venner, «Tuppen og Lillemor», dans og stemningsfull kveldsavslutning**



Påmelding: www.t-dagen.no innan **tirsdagen** før.

Ta med: • Denne T-helsinga • Den svarte T-dagsmappa (viss du har).

Pris: KR. 100.- Betal når du kjem.

T-dagane skal vere tilrettelagde for alle.

Meld frå om **særskilde behov** i god tid.

Sjekk nettsida for meir info.

Kontaktperson: Marianne B. Gammelsæter, 55 09 74 61, marianne@t-dagen-no

Til foreldre/ føresette

De får denne **T13-helsinga** fordi ungdomen dykkar vart døypt for om lag tretten år sidan. Mange av ungdomane har delteke på tidlegare T-dagar og veit kor kjekt og viktig det er. No er vi klare for ny T-dag med nytt tema og innhald.



På **T13-dagen** ønskjer vi at ungdomane skal ha ein sosial og meningsfylt kveld der dei får lære og erfare meir om kva dei trur på.

Temaet for T13-dagen er «forsoning» på ulike plan. Dette er eit sentralt tema i kristendomen og noko som er viktig både blant enkeltmenneske og mellom nasjonar. T13-dagen blir ein variert og innhaldsrik dag for trettenåringane, og **vi håper de foreldre utfordrar ungdomane til å bli med på den årlege trusopplæringsdagen i kyrkja.**

Trusopplæringa med **T-dagane** er i full gong her i Fjell, og mange deltek! **Dåp og opplæring** høyrer saman. Trusopplæringa vil gje born og unge kjennskap til den kristne trua dei er døypte til. Det er foreldre og fadrar som saman med kyrkja har dette ansvaret. I Fjell får alle etter kvart tilsendt ei **årleg T-helsing** med invitasjon til ein **årleg T-dag**. **Kristen tru** og **kristne verdiar** har prega folket vårt og Fjell-samfunnet i mange hundre år. Denne **kulturarven** vil kyrkja i Fjell bringe vidare til nye generasjonar. Vi vonar at det i Fjell vil vere like **alminneleg** å delta på T-dagane som å bere barna til dåpen.

Bruk T13-helsinga, og kom på T13-dagen!



Forsoning – hœ?

Kjære dagbok!

Tenk at to dagar kan vere så ulike!

I går var alt pyton. Eg trudde aldri eg skulle tilgi Hanne for at ho fortalde Camilla at eg er forelska i Marius. No veit jo heile klassen det – og Marius også! Men i dag kom Hanne og sa **unnskyld**, at det var stygt gjort, og at ho angra. Og Marius smilte til meg i mattetimen i dag...Så bra at eg og Hanne er venninner likevell!

*Kjære dagbok:
At to dagar kan vere så ulike!
I går var alt pyton. Eg trudde aldri eg skulle tilgi Hanne for at ho fortalde Camilla at eg er forelska i Marius. No veit jo heile klassen det – og Marius også! Men i dag kom Hanne og sa unnskyld, at det var stygt gjort, og at ho angra. Og Marius smilte til meg i mattetimen i dag...Så bra at eg og Hanne er venninner likevell!*



Eg heiter Steven og bur i Cape Town i **Sør-Afrika**. Bestefar har fortalt meg at da han var ung fekk han ikkje vere med kven han ville eller gå der han ville. Det var apartheid her i Sør-Afrika på den tida og svarte og kvite kunne ikkje vere på same stad, sitte på same benken eller ta same bussen. Heilt sprøtt! Men det året eg vart fødd, i 1994, kom Nelson Mandela til makta. Han starta ein **forsoningsprosess** mellom svarte og kvite. No lever vi saman på ein mykje betre måte.



Å nei! Kva har eg gjort? No gol hanen, eg **Peter**, har svikta Jesus. Akkurat som ha sa at eg ville gjere! Eg banna på at eg ikkje kjende han, enda han var den beste vennen min og eit heilt spesielt menneske. Tenk om han no blir krossfest og dør utan at eg får bedt om tilgjeving. Eg svikta, men tru korleis han tar i mot meg viss eg møter han igjen? **Kan vi forsonast?**



• Kva tenkjer du på med ordet forsoning?

• Har du eksempel på at nasjonar eller enkeltmenneske har blitt forsona?

• Kva betyr det for deg at Gud tilgir?

Sigmund

• Med «forsoning» tenker eg på at noko som er øydelagd kan reparerast. For eksempel når uvenner vert venner igjen. • Eg synest det er bra at Gud tilgir, for då slepp eg å vere bekymra for at eg ikkje får tilgjeving for det gale eg gjer.



Henriette:

• Eit eksempel på forsoning er uvenner som blir




venner, eller at Noreg var i krig med Tyskland, men nå er landa «venner». • Gud tilgjev når eg ber. Han er alltid glad i meg.

Simon:

• Når nokon som har vært ueinige eller uvenner blir einige og venner igjen. FN (Foreinte nasjonar) arbeidar for forsoning mellom land i verda, for eksempel på Sri Lanka. • Gud lar oss begynne på nytt når vi har gjort noko dumt, viss vi vil.





taushet harde blikk

- Kan du tilgi meg?
Is som smelter ...

Tips å
gjere:
Sjekk nettet om
Nelson Mandela
og Steven
Biko

Velkomen til T13-dagen!


Helsing Fjell kyrkjelyd - trusoppplæringsteamet: Marianne Bergsjø Gammelsæter (reformleiar) • Elisabeth Møll Jung og Astrid Aksnes Myskja (reformmedarbeidarar).
Adr: Fjell kyrkjelyd, boks 184, 5342 Straume Tlf. 55 09 74 61/40 • www.t-dagen.no

T-helsingane går til døypte born og til born der ein av foreldra er døypt. Kontakt kyrkjekontoret i tilfelle feil.

FOTO: FJELL KYRKJELYD OG INGVALD A. MAJUM. BAKSDEBILTE: GRETE ÅGOTNES
FØRTRYKK: DRAGEFELLEND • TRYKK: GØRÅSK TRYKK © FJELL KYRKJELYD 2008



t-dagen
trusoppplæringsdagen i Fjell



STØRST AV ALT
LEDES AV: PÅDEL I DEN SØSME BARKI